



Jnr. 1068.19  
GJG/rr

Ordførarar og rådmenn i Sunnhordland  
Ordførar og rådmann i Fusa kommune  
Ordførar og rådmann i Haugesund kommune  
Ordførar og rådmann i Vindafjord kommune

### **INNKALLING TIL MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND**

Det vert med dette kalla inn til møte i Samarbeidsrådet for Sunnhordland

**fredag 10 mai kl. 09.30 i golfhuset, Sveio**

#### **Då vert føre:**

- Sak 20/19 Godkjenning av referat frå møte 15. mars 2019  
Sak 21/19 Nytt arbeidsutval 2019-2021  
Sak 22/19 Statens vegvesen /Vestland fylke  
Sak 23/19 Kommunal museumsstrategi  
Sak 24/19 Nye vedtekter for Sunnhordland museum  
Sak 25/19 Skriv og meldingar  
a) Fellesmøte med Haugalandrådet  
b) Fellesmøte med stortings- og fylkestingsrepresentantar  
c) Sunnhordland Tingrett  
d) Regional plan for kompetanse og arbeidskraft  
Sak 26/19 Ymse

I møte vert det og ei orientering om Regional plan for kompetanse og arbeidskraft – kunnskapsgrunnlaget for Sunnhordland, ved Kristin Iversen og Stian Skår Ludvigsen, Hordaland fylkeskommune.

Sunnhordland, 2. mai 2019

Gro Jensen Gjerde  
Dagleg leiar

## MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 10. mai 2019 kl. 09.30  
Golfhuset, Sveio

Sak 21/19  
GJG/rr

### **Nytt arbeidsutval 2019-2021**

Arbeidsutvalet i Samarbeidsrådet skal vera eit drøftingsorgan som skal arbeida tettare opp mot dagleg leiar og administrasjonen enn Samarbeidsrådet.

AU er ikkje eit formelt organ og Samarbeidsrådet kan i så måte til ei kvar tid bestemme kven som skal sitte i arbeidsutvalet. Det har likevel vore ein uskriven regel dei siste åra at AU har bestått av styret, supplert med vara til styret i tillegg til ein rådmann og ordførar. Det vil seia 4 ordførarar og 2 rådmenn.

Representantskapet vel styret, Samarbeidsrådet vel arbeidsutvalet.

I perioden 2017/2019 har arbeidsutvalet bestått av:

Wenche Tislevoll, Fitjar kommune (Atle Tornes/Olaug Haugen)  
Morten Storebø, Austevoll kommune (Helge Skugstad/Bjarte Madsen)  
Geir Aga, Bømlo kommune (Odd Harald Hovland)  
Siri Klokkestuen, Etne kommune (Pål Nygård/Hilde Aartun Haraldseide)  
Harry Herstad/Gaute Epland, Stord kommune (Magnus Mjør)  
Steinar Dalland, Tysnes kommune (Kåre Martin Kleppe)

Det nye arbeidsutvalet for 2019-2021 vil bestå av:

Morten Storebø, Austevoll kommune (Bjarte Madsen)  
Siri Klokkestuen, Etne kommune (Hilde Aartun Haraldseide)  
Ragnhild Bjerkvik, Kvinnherad kommune (Peder Sjo Slettebø)  
Jorunn Skåden, Sveio kommune (Jostein Førre)  
Magnus Mjør, Stord kommune (Gaute Epland)  
Kåre Martin Kleppe, Tysnes kommune (Steinar Dalland)

**Framlegg til vedtak:**

1. Samarbeidsrådet for Sunnhordland vedtek at arbeidsutvalet for perioden 2019-2021 skal bestå av:

Morten Storebø, Austevoll kommune (Bjarte Madsen)  
Siri Klokkestuen, Etne kommune (Hilde Aartun Haraldseide)  
Ragnhild Bjerkvik, Kvinnherad kommune (Peder Sjø Slettebø)  
Jorunn Skåden, Sveio kommune (Jostein Førre)  
Magnus Mjør, Stord kommune (Gaute Epland)  
Kåre Martin Kleppe, Tysnes kommune (Steinar Dalland)

2. Dersom det vert endringar etter valet skal ny ordførar i kommunen(e) tre inn i arbeidsutvalet.  
Det same gjeld om det vert endringar blant rådmennene.

## MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 10. mai 2019 kl. 09.30  
Golfhuset, Sveio

Sak 22/19  
GJG/rr

### Statens Vegvesen / Vestland fylke

Det er kome ut ei liste over ledige nivå 4 leiarstillingar i Vestland fylke innanfor veg. Dei gir ein peikepinn på kvar det er ønska frå fylket si side at det sit leiarar på lågaste nivå. Det er grunn til å tru at det over tid vil bli slik at fleire av dei tilsette i desse gruppene vil ha arbeidsstad der leiaren sit.

1. Leiar drift Bergen – Bergen
2. Leiar drift Vestland nord – Leikanger, Eid eller Førde
3. Leiar drift Vestland sør – Bergen, Voss
4. Leiar forvaltning Bergensområdet – Bergen
5. Leiar forvaltning Vestland utanom Bergensområdet – Leikanger, Førde eller Voss
6. Leiar Geodata – Bergen eller Leikanger
7. Leiar Geofag – Leikanger eller Bergen
8. Leiar Grunnerverv – Leikanger eller Bergen
9. Leiar Planlegging – Leikanger eller Bergen
10. Leiar prosjekt Bergen – Bergen
11. Leiar prosjekt nord – Leikanger, Førde eller Eid
12. Leiar prosjekt sør – Voss, Odda eller **Stord**
13. Leiar prosjektering – Leikanger eller Bergen
14. Leiar utgreiing – Bergen, Voss eller Leikanger
15. Leiar vedlikehald Vestland nord – Leikanger, Eid eller Førde
16. Leiar vedlikehald Vestland sør – Bergen eller Voss

Ut i frå lista er det ikkje stor utteljing for avdelinga på Stord.

Det er berre prosjektleiar Sør som kan vera aktuelt å bli lagt til Stord.

Voss kan få fleire funksjonar, både drift, forvaltning, prosjekt sør, utgreiing og vedlikehald sør.

Fleire funksjonar er føreslegen enten i Bergen eller Leikanger.

For Sunnhordland er dette eit dårleg utgangspunkt, ved at berre ein funksjon kan bli lagt til Stord.

Fleire av funksjonane som er føreslege til Voss kan og leggjast til Stord.

I samband med Statens Vegvesen si pågåande omorganisering, og rapporten «Frå regionar til divisjoner» skreiv Stord kommune brev til Hordaland fylkeskommune v/ fylkesordførar der kommunen ber om at fylkeskommunen støttar Stord og Sunnhordland sin kandidatur til ei svært god plassering av funksjonar i det omorganiserte Statens vegvesen. Samarbeidsrådet har støtta opp om dette i eit eige brev til Fylkeskommunen.

Lista over er Fylkeskommunen / fellesnemnda sitt framlegg til leiarstillingar innan den fylkeskommunale ansvar for veg. Administrasjonen meiner at ein likevel må sjå desse i samanheng, og at Samarbeidsrådet må arbeida aktivt for å få ei styrking, ikkje svekking av tilbodet, og ikkje minst arbeidsplassar i Sunnhordland.

Ordførar Gaute Epland haldt innlegg på møte med fellesnemnda 29 april, der han tok dette opp.

Då Au drøfta saka i sitt møte, og konkluderte med at det no må gjennomførast møter med Samferdsleseksjonen og politisk og administrativ leiing i Hordaland fylkeskommune.

AU føreslår at ordførar Gaute Epland og styreleiar Morten Storebø ber om møte med fylkeskommunen.

**Framlegg til vedtak:**

- Samarbeidsrådet må arbeida opp mot Statens vegvesen for at Stord og Sunnhordland sitt kandidatur er ei svært god løysing for plassering av funksjonar i det omorganiserte Statens vegvesen.
- Samarbeidsrådet vil arbeida for at fleire nivå 4 leiarstillingar vert lagt til Stord.

## MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 10. mai 2019 kl. 09.30  
Golfhuset, Sveio

Sak 23/19  
GJG/rr

### **Kommunal museumsstrategi**

Saka var oppe til handsaming 1 februar og vart utsett til 10. mai.

- 1. Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek innspela til Kommunal Museumsstrategi med seg i det vidare arbeidet for å få på plass eit godt samarbeid mellom kommunane og Sunnhordland Museum.*
- 2. Samarbeidsrådet for Sunnhordland vil arbeida for at kommunane vert samde om ei fast tilskot/grunnfinansiering og evaluera aktivitet og ressursar etter tre år.*
- 3. Sunnhordland museum vert oppmoda om å gjennomføra møta med kommunane innan midten av april.*
- 4. Samarbeidsrådet for Sunnhordland legg opp til å vedta Kommunal Museumsstrategi i sitt møte 10.mai.*

Det har no vore møter mellom representantar frå Sunnhordland Museum og fleire av kommunane.

Tema har blant anna vore formidling, forvaltning og forskning, vandreutstillingar, lokale utfordringar og moglegheiter og lokalhistorisk arkiv. Det er sendt ut framlegg til samarbeidsavtalar med framlegg til økonomisk opptrappingsplan.

I møte i arbeidsutvalet fredag 26. april drøfta ein vidare saksgong. Det vart i møte sett fram forslag om at Samarbeidsrådet ikkje skal vedta museumsstrategien slik vedtaket frå 1.februar la opp til, men heller senda den over til rådmannsutvalet for vidare arbeid. Administrasjonen legg difor fram nytt forslag til vedtak.

### **Framlegg til vedtak:**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland oversender Kommunal Museumsstrategi til rådmannsutvalet for vidare arbeid.

## MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 10. mai 2019 kl. 09.30

Golfhuset, Sveio

Sak 24/19

GJG/rr

### **Uttale nye vedtekter for Sunnhordland museum**

Saka vart utsett frå møte 1. februar, der ein ønskte utsetting av høyringsfristen. Sunnhordland Museum har gjeve utsetting til 13 mai.

I arbeidsutvalet 26 april drøfta ein saka og vart samde om at nye vedtekter må sjåast i høve til Kommunal museum strategi. Difor kan ikkje Samarbeidsrådet gje uttale til nye vedtekter for Sunnhordland Museum i noverande møte.

For at Sunnhordland Museum skal kunna få på plass nye vedtekter, som er tilpassa noverande drift, bør ikkje Samarbeidsrådet be om lenger utsetjing. Med ei vidare utsetjing vil konsekvensen vera at museet ikkje får på plass nye vedtekter før i juni/ juli. Administrasjonen legg difor fram nytt framlegg til vedtak.

### **Framlegg til vedtak:**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland ønskjer ikkje å gje uttale til forslag til nye vedtekter for Sunnhordland museum.

## MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 10. mai 2019 kl. 09.30  
Golfhuset, Sveio

Sak 25/19  
GJG/rr

### SKRIV OG MELDINGAR

#### a) Fellesmøte med Haugalandrådet

Det vert fellesmøte med Haugalandrådet 10. mai etter ordinært møte. Programmet ligg som vedlegg til sakene.

#### b) Fellesmøte med stortings- og fylkestingsrepresentantar

Møte som var planlagt 26. april måtte utsetjast på grunn av at datoen ikkje høvde for dei fleste av representantane. Ny dato vert 7. juni kl. 11.30 på Samarbeidsrådet sitt møterom.

#### Forslag til saker til drøfting:

- Vestland
- Statlege omorganiseringar
- Statens vegvesen – regionale kontor
- NTP
- Berekraftig reisemål
- Ymse

Dersom det er andre saker som bør drøftast denne dagen kan dei spelast inn i møte.

#### c) Sunnhordland tingrett

Det vert i møte gjeve ein status.

#### d) Regional plan for kompetanse og arbeidskraft

Hordaland fylkeskommune har vedteke «Regional plan for kompetanse og arbeidskraft». I denne planen er eit tiltak regionale team for oppfølging av planen, og regionråda har fått ei rolle her. Administrasjonen har invitert sentrale personar frå næring og akademia til å delta i kompetanseteamet i Sunnhordland. Dette arbeidet må og sjåast i samheng med tiltaka under vidaregåande skule og fleire lærlingplassar.

Hordaland fylkeskommune har utarbeidd eit Regionalt kunnskapsgrunnlag for kompetanse og arbeidskraft i Sunnhordland. Dette vil blant anna danne grunnlag for dimensjonering av skuletilbodet i regionen.

Til møte vil representantar frå Fylkeskommunen presentera kunnskapsgrunnlaget.